



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

SKULEN SITT ARBEID MED ELEVANE SITT PSYKOSOSIALE MILJØ

Klepp kommune – Orre skule

Innhald

| | |
|---|---|
| 1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø..... | 3 |
| 2. Gjennomføring av tilsynet..... | 4 |
| 3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar | 5 |
| 3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll | 5 |
| 3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen | 6 |
| 3.3 Brukarmedverknad | 8 |
| 4. Pålegg om endring | 9 |
| Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon.... | Feil! Bokmerke er ikke definert. |
| Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjua..... | 12 |
| Vedlegg 3 Rettsslege krav | 13 |

1. Tema for tilsynet: Skulen sitt arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Det blir gjennomført felles nasjonalt tilsyn i 2010, 2011 og 2012 der temaet er skulen sitt arbeid med elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, jf. opplæringslova kapittel 9a. Hovudregelen for tilsynet er § 9a-1, og dei andre reglane som er kontrollerte, må sjåast i lys av denne. Tilsynet er likevel avgrensa til berre å gjelde skulen sitt arbeid med det psykososiale miljøet.

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet er delt inn i tre hovudkategoriar:

- Det førebyggjande arbeidet ved skulen - § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.
- Det individuelt retta arbeidet ved skulen - § 9a-3 andre og tredje ledd.
- Skulen si plikt til samhandling og involvering med ulike råd og utval (brukarmedverknad) - §§ 9a-5, 9a-6 og kapittel 11.

Opplæringslova § 13-10 om forsvarleg system og § 9a-4 om internkontroll

Det er ikkje ført særskilt tilsyn med opplæringslova § 13-10 andre ledd i dette tilsynet. Opplæringslova § 13-10 andre ledd er ein overordna regel som pålegg skuleeigar å ha eit forsvarleg system for oppfølging av alle lovkrava. I tidlegare tilsyn har det vore stort fokus på internkontrollsystemet i kommunane. I det felles nasjonale tilsynet 2010/2011/2012 er det internkontrollen ved kvar enkelt skule knytt til elevane sitt psykososiale miljø det blir ført tilsyn med. Kravet til internkontroll i samband med dette er særleg regulert i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd.

Kommunen sitt ansvar

Sjølv om opplæringslova legg ansvaret på skuleleiinga for den daglege gjennomføringa og etterlevinga av dei kontrollerte reglane, er det kommunen som har det overordna ansvaret. Det er kommunen som skuleeigar som må syte for at skuleleiinga ved kvar skule etterlever krava og pliktene i lova, og at dei tilbyr dei tenestene og aktivitetane som lova omtalar.

Oppfyllinga av elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø skjer på skulen. Det er skuleleiinga og dei tilsette som i det daglege må arbeide for eit godt skolemiljø. Kommunen som skuleeigar er likevel øvste ansvarlege for at pliktene etter kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at det er kommunen som er ansvarleg for oppfylling av elevane sine rettar sjølv om det tilsynet har undersøkt har vore handlingar som skjer i skulen. Kommunen er derfor adressat for eventuelle pålegg om endring i samsvar med opplæringslova § 14-1 tredje ledd.

Føremålet med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å rette fokuset mot og styrke arbeidet med det psykososiale miljøet ved skulane og skulane si evne til å førebyggje og handtere krenkjande åtferd. Gjennom kontroll med om skulane følgjer lovkrava på dette feltet, skal eventuell lovstridig praksis avdekkjast. Gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Eit godt skolemiljø er ein viktig innsatsfaktor for ein god skule og for realisering av føremålsparagrafen i § 1-1 i opplæringslova. Manglar ved skolemiljøet kan føre til mistrivsel blant elevane, og det vil kunne ha direkte innverknad på læringsutbytet deira.

Dei overordna føremåla med det felles nasjonale tilsynet i 2010, 2011 og 2012 er å:

- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar driv eit aktivt og førebyggjande arbeid for å sikre elevane eit godt psykososialt miljø
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at dei tilsette på ein tilfredsstillande måte handterer krenkjande åtferd som dei får kunnskap eller mistanke om
- sikre at skuleeigarar og skuleleiarar syter for at elevar, foreldre, råd og utval blir involverte og engasjerte i skulemiljøarbeidet

Det blir presisert at tilsynsrapporten ikkje gir ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og skulen. Rapporten omhandlar berre resultat knytte til det temaet som er valt for det felles nasjonale tilsynet 2010, 2011 og 2012.

2. Gjenomføring av tilsynet

Etter opplæringslova § 14-1 andre ledd har departementet heimel til å føre tilsyn med offentlege skular. Denne retten er delegert til Fylkesmannen. Fylkesmannen skal ha tilgang til skuleanlegg og dokumentasjon.

Tilsynet har vore utført ved å hente inn og vurdere dokumentasjon, skriftlege utgreiingar og munnlege opplysningar.

Det er skulen som etter lova pliktar å sikre at den enkelte eleven får oppfylt retten sin til eit godt psykososialt miljø, jf. § 9a-1 og § 9a-3 første ledd. Skulen vil her seie: skuleeigar, skuleleinga og dei tilsette ved skulen.

Gangen i tilsynet

- Melding om tilsyn med pålegg om å sende inn utgreiing og dokumentasjon til kommunen og skulane datert 21.08.12
- Mottak av dokumentasjon og utgreiing frå kommunen og skulane 12.10.12
- Opningsmøte 30.10.12
- Intervju/samtalar 02.11.12
- Varsel om vedtak og førebels rapport datert 10.12.2012
- Sluttmøte 12.12.2012
- Frist for tilbakemelding om varsel om vedtak og førebels rapport 09.01.2013
- Endeleg tilsynsrapport 11.01.13

3. Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar

Det er informert nærmere om dei rettslege krava og kva dei inneber i opningsmøtet 30.10.12. Dei rettslege krava er tekne med i vedlegg 3 til denne rapporten. Vi viser også til rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet om elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø, Udir-2-2010.

3.1 Førebyggjande arbeid og internkontroll

For å oppnå eit godt psykososialt miljø er det ein naudsynt føresetnad at det blir drive eit førebyggjande arbeid som skal forhindre uønskt/krenkjande åtferd. Dette inneber at skuleleiinga må ha ei "føre var"-haldning til eventuelle situasjonar og utfordringar som kan oppstå i skulekvardagen, og som kan ha negativ innverknad på elevane sitt skolemiljø.

Rettslege krav

Det rettslege utgangspunktet for tilsynet sin kontroll med det førebyggjande arbeidet ved skulen finst i opplæringslova § 9a-4, jf. § 9a-3 første ledd. Skuleeigarar og skuleleiarar skal arbeide førebyggjande for å forhindre at uønskt åtferd oppstår. Det førebyggjande arbeidet skal vere aktivt, systematisk og kontinuerleg. Reglane presiserer plikta skulen har til å sikre at elevane sin rett etter § 9a-1 blir oppfyllt. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Orre skule har ei rekke dokument som syner korleis skulen arbeider med det førebyggjande arbeidet. Skulen har mellom anna lagt fram desse dokumenta for tilsynet:

- "Plan for kvalitetsutvikling"
- "Handlingsplan mot mobbing-Zero-2012/13"
- "Ordensreglar" vedtatt av SU 20.09.10
- "Ordensreglar for Orre skule" skal vedtas i SU 26.11.12
- "Vold i nære relasjoner"
- "Plan for PU-tida hausten 2012"
- Malar for elev- og utviklingssamtalar
- "Informasjon til heimane – Orre skule 2012/13"
- "Skjema for registrering av eller mistanke om krenkjande åtferd/mobbing"
- "Avtale med elev som har mobba eller hatt krenkjande åtferd"
- Skjemaet "Opplysning om rett til enkeltvedtak ved mobbing og krenkjande åtferd" datert 17.08.12

Orre skule har sett seg mål for skolemiljøet. Det heiter mellom anna i forordet til handlingsplanen mot mobbing at "Orre skule vil arbeida målretta mot mobbing og har det som eit sentralt satsingsområde". Og vidare at "det er grunnleggjande med nulltoleranse mot mobbing, det føreset eit engasjement og det forpliktar heile skolemiljøet. Alle elevar har rett til eit godt læringsmiljø utan mobbing". Strategiar for å nå desse måla finn ein i dokumenta som er nemnde ovanfor.

Orre skule nyttar "Zero" i arbeidet med skolemiljøet, og det går fram av "Handlingsplan mot mobbing" kven som har ansvar for å gjennomføre tiltak knytte til det førebyggjande arbeidet ved skulen. I denne er det også skriftlege rutinar som ansvarsfestar og forklarer kva dei tilsette skal gjere når dei får mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for "mobbing".

Skulen har rutinar for evaluering av arbeidet med skolemiljøet. Desse rutinane finn ein mellom anna under pkt. 4.3 i Handlingsplanen, under overskrifta "Gjennomgang og revisjon av handlingsplanen". Der heiter det at "det skal vera ein gjennomgang av planen

kvar vår i personalet, i elevrådet og i FAU. Etter at planen er revidert skal den opp som sak i SU".

Av referat frå møte i SU går det fram at planar og rutinar vert evaluert, og intervju stadfestar dette. Det går også fram av dokumentasjonen og intervjuet at planane og rutinane vert etterlevde i praksis ved Orre skule. Gjennom dokumentasjon og intervju kjem det også fram at skuleleiinga er involvert i den daglege gjennomføringa av det systematiske skolemiljøarbeidet.

Orre skule skaffar seg kunnskap om elevane si oppleving av skolemiljøet på fleire vis. Mellom anna går det fram av pkt. 1.3 i Handlingsplanen under overskrifta "kommunikasjon lærar-elev-føresette", at "skulen har årleg 2 elevsamtaalar, utviklingssamtaalar og klasseforeldremøte. Det sosiale miljøet i klassen og på skulen skal vera eit fast punkt i desse samtalane og møta". Det går fram at kontaktlærar er ansvarleg for dette, og at han/ho "set i verk tiltak etter fast prosedyre, dersom det blir avdekka mobbing".

Under pkt. 1.1 i Handlingsplanen går det fram at heile skolen kvart år gjennomfører ei mobbeundersøking i mai. Under overskrifta "ansvar og tiltak" heiter det at "leiinga har ansvar for gjennomføring og registrering. Resultata på skulenivå blir gjennomgått med personalet, elevrådet og FAU. Sosiallærar og alle som arbeider på dei ulike trinna drøftar funna frå undersøkinga. Det blir sett inn tiltak dersom funna viser mobbing på trinnet etter eigen prosedyre". Intervju viser at dette vert gjort.

I tillegg gjennomfører skolen den årlege elevundersøkinga, og skulen har også rutinar for vakt og tilsynsordningar.

Heftet "informasjon til heimane" inneholder mellom anna skolen sitt ordensreglement og informasjon om skolen sin Handlingsplan mot mobbing. Opplæringslova § 9a-3 første og andre ledd vert sitert.

Fylkesmannen si vurdering er at dei ulike dokumenta på ein god måte systematiserer og legg til rette for eit godt førebyggjande arbeid på skulen.

Det går fram av dokumentasjon og intervju at elevar, foreldre og tilsette vert gjort kjende med ordensreglementet på skulen. Ordensreglementet inneholder informasjon om kva som vert rekna som krenkjande åtferd på skulen. Det går også fram av intervju med dei tilsette at innhaldet i omgrepene blir drøfta på skulen.

Fylkesmannen sin konklusjon

Orre skule har skriftlege rutinar og planer for det førebyggjande arbeidet med det psykososiale miljøet. Skolen har synleggjort korleis ein gjer seg kjende med elevane sitt psykososiale miljø, og korleis resultata frå undersøkingane skal følgjast opp på skolen. Skolen gjer elevar og foreldre kjende med kva skulen ser på som krenkjande åtferd. Skolen har også eit ordensreglement som støttar opp under arbeidet med eit godt skolemiljø. Skulen har dermed eit tilfredsstillande system for internkontroll slik det er krav om i opplæringslova §§ 9a-4 jf. 9a-3 første ledd.

3.2 Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Det førebyggjande arbeidet må sjåast i samanheng med det individuelt retta arbeidet ved skulen. Det er viktig for oppfyllinga av krava i opplæringslova at dei førebyggjande tiltaka som blir planlagde, blir etterlevde i praksis.

Skulen si plikt til å gripe inn når det oppstår forhold som er krenkjande for éin eller fleire elevar, følger hovudsakleg av § 9a-3, andre og tredje ledd. Opplæringslova oppstiller særskilte plikter for skulen knytte til det psykososiale miljøet og gir eleven/foreldra særskilte rettar knytte til saksbehandlinga ved skulen. Ved å kontrollere korleis skulane

etterlever dei konkrete pliktene i § 9a-3 andre og tredje ledd, vil tilsynet kunne medverke til å sikre at skulane i praksis arbeider for å fremje elevane si helse, trivsel og læring.

Rettslege krav

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova. Reglane presiserer at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber plikt til i å gjere undersøkingar, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg. Vidare blir skulen pålagd å behandle oppmadingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet, etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Intervju viser at dei tilsette ved Orre skule er kjende med handlingsplikta si etter §9a-3 andre ledd i opplæringslova, og intervju stadfester at dei tilsette veit at dei skal undersøke saker, varsle, og om nødvendig og mogleg gripe inn dersom dei får kunnskap eller mistanke om at ein elev vert utsett for krenkjande ord eller handlingar. Intervjua viser også at dette vert gjennomført i praksis.

Det følgjer av "Handlingsplanen mot mobbing" pkt. 1.2 at dersom "vakta" får kjennskap til mobbing eller andre konfliktar i friminutta, skal det meldast frå til kontaktlærar. Det går fram av Handlingsplanen at kontaktlærar skal informere sosiallærar og rektor når mobbing er avdekkja, og desse skal i samarbeid sette i verk tiltak etter fast plan. Planen gjer greie for tiltak, innhald, ansvar og tid. Intervju viser at dei tilsette kjenner til at dei skal varsle leiinga og at dette vert gjort i praksis. Når ei sak vert varsla til skuleleiinga, har skulen rutinar for korleis saka skal følgjast opp vidare. Dette er synliggjort i Handlingsplanen.

Orre skule har skriftlege rutinar for å fatte enkeltvedtak som gjeld det psykososiale skulemiljøet, jf § 9a-3, tredje ledd. Desse går fram av skjemaet "opplysning om rett til enkeltvedtak ved mobbing og krenkjande åtferd" datert 17.08.12.

Intervju og dokumentasjon viser at Orre skule fattar enkeltvedtak når elevar eller føresette ber om tiltak, og skulen informerer også om denne retten.

I samband med tilsynet har Fylkesmannen fått tilsendt 5 enkeltvedtak frå 2012 frå Orre skule som gjeld det psykososiale skulemiljøet.

Alle vedtaka frå 2012 viser til og siterer opplæringslova §9a-3 tredje ledd, men nokre vedtak manglar resten av § 9a-3 og § 9a-1. Skolen har i konklusjonen i nokre av vedtaka tatt konkret stilling til om retten til eit godt psykososialt miljø er broten, jf. § 9a-1. I andre vedtak er det ikkje eksplisitt tatt slik stilling. I dei to nyaste vedtaka er dette retta opp, slik at Fylkesmannen meiner vedtaka no er i samsvar med lovkrava på desse punkta.

Vedtaka inneheld også informasjon om korleis ein kan klage i medhald av forvaltningslova. Enkeltvedtaka er fatta innan rimeleg tid etter at føresette tok kontakt med skulen. Eitt av vedtaka er fatta same dagen som føresett ba om tiltak. Sjølv om § 9a-3 tredje ledd krev at saka skal behandlast snarast mogleg, skal imidlertid ikkje vedtak fattast før saka er forsvarleg utgreidd, jf. forvaltningslova § 17.

Fylkesmannen sin konklusjon

Dersom tilsette ved Orre skule får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, vil dei undersøke saka, varsle leiinga og om nødvendig gripe inn. Orre skule tar dermed i vare elevane sine rettar etter opplæringslova § 9a-3 andre ledd.

Orre skule set i verk og følgjer opp tiltak når foreldre eller andre ber om tiltak som gjeld det psykososiale skolemiljøet. Orre skule har skriftlege rutinar for fattiging av enkeltvedtak. Dei fattar vedtak når elevar/føresette ber om tiltak, og enkeltvedtak vert fatta snarast mogleg jf § 9a-3 tredje ledd. Skolen tar stilling til om eleven sin rett til eit godt psykososialt miljø er broten, jf § 9a-1. Orre skule oppfyller dermed elevane sine rettar etter opplæringslova § 9a-3 tredje ledd.

3.3 Brukarmedverknad

Opplæringslova inneholder krav om at elevar og foreldre skal givast høve til å involvere og engasjere seg i arbeidet for eit godt psykososialt miljø ved skulen. Eit av verkemidla frå lovgivar for å sikre brukarmedverknad har vore å stille krav til oppretting av ulike råd og utval og å gi desse råda og utvala høve til å uttale seg før endelege avgjerder blir tekne.

Brukarmedverknad er ikkje ein statisk tilstand som kan oppnåast ein gong for alle i skulen, det er i tvert imot noko det må arbeidast kontinuerleg med. Tilhörsle i ein sosial og fagleg fellesskap gjennom verdiar og verkemiddel som verdsetjing, aktiv deltaking og medverknad er noko som må gå føre seg kontinuerleg i kvardagen.

Det er "skulen" som skal syte for at elevane blir engasjerte i skolemiljøarbeidet. Skulen i denne samanhengen vil seie skuleleininga. Dersom det ikkje er tilrettelagt for at elevane eller dei føresette blir involverte og engasjerte i skolemiljøarbeidet, er det skuleeigar som blir gjort ansvarleg.

Rettslege krav

§ 9a-5 slår fast at elevane skal engasjerast i det systematiske skolemiljøarbeidet, både i planlegginga og i gjennomføringa av det. Elles er det gitt reglar for ulike organ for brukarmedverknad både i § 9a-6 og i kapittel 11. Det går m.a. fram at råda og utvala skal givast relevant informasjon og reelt høve til å uttale seg. Rutinar for å sikre informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollen ved skulen etter § 9a-4. Sjå også vedlegg 3.

Dokumentasjon og vurdering

Orre skule har oppretta elevråd som har jamlege møter. Elevane får ei felles opplæring i elevrådsarbeid av kommunen. Referat frå møter i elevrådet synleggjer ikkje at saker knytte til elevane sitt skolemiljø jamleg blir tatt opp, som til dømes Handlingsplanen mot mobbing, ordensreglementet eller resultata frå elevundersøkinga og mobbeundersøkinga.

Dokumentasjonen frå Orre skule viser at det er oppretta arbeidsutval for foreldrerådet (FAU) og samarbeidsutval (SU). Referata frå møta syner at det er jamlege møter i desse utvala, og at saker knytte til elevane sitt psykososiale skolemiljø blir tatt opp. Det går fram av Handlingsplanen mot mobbing pkt 1.1, at resultata frå mobbeundersøkinga mellom anna skal gjennomgåast i elevrådet og FAU. Vidare går det fram av pkt. 4.3 at planen skal gjennomgåast og evaluerast årleg kvar vår i elevrådet, FAU og SU. Referat frå SU viser at elevrådsrepresentantane har kome med ei vurdering av skolemiljøet, og ein har revidert skulen sitt ordensreglement. Handlingsplanen mot mobbing er gjennomgått og vedtatt i SU. Resultata frå skulen si mobbeundersøking er også gjennomgått.

Av dokumentasjonen går det fram at SU ikkje er sett saman slik som kravet er i opplæringslova § 11-1. Dokumentasjon og intervju viser at skolemiljøutval (SMU) ved Orre skule er oppretta ved at 3 av medlemmene i SU har særleg fokus på saker som gjeld skolemiljøet. Dermed er det ikkje oppretta eit SMU slik som det er krav i opplæringslova § 11-1a. Det vert dermed heller ikkje halde jamlege møter i SMU.

Gjennom intervju kom det fram at dei råda og utvala som er oppretta ved Orre skule, har reelt høve til å uttale seg i dei sakene som vert lagt fram.

Fylkesmannen sin konklusjon

Det er oppretta elevråd, FAU og SU ved skulen. SU er ikkje sett saman i tråd med krava i opplæringslova § 11-1.

Det er ikkje oppretta eige SMU ved skulen etter opplæringslova § 11-1a. Dette fører til at det ikkje vert halde jamlege møter i alle råd og utval, og alle råd og utval har ikkje reelt høve til å uttale seg i saker som vert tatt opp.

Orre skule manglar skriftlege rutinar som sikrar at alle råd og utval blir informerte og involverte i alle saker som er viktige for skolen sitt psykososiale miljø, mellom anna resultata frå elev-/mobbeundersøkinga.

4. Pålegg om endring

På bakgrunn av det som går fram av punkta 3.1- 3.3, gir Fylkesmannen slikt pålegg:

Brukarmedverknad - §§ 9a-5 og 9a-6 og kapittel 11

1. Klepp kommune skal sjå til at Orre skule involverer og engasjerer elevar og foreldre i skolemiljøarbeidet. Klepp kommune må i denne samanhengen sjå til at Orre skule:

- a. Utarbeider rutinar for å underrette og involvere alle råd og utval om alle forhold som er vesentlige for det psykososiale skolemiljøet.
- b. Sørgjer for at samarbeidsutvalet er sett saman i samsvar med krava i opplæringslova § 11-1.
- c. Oppretter skolemiljøutval ved skulen i samsvar med krava i opplæringslova § 11-1a.

5. Oppfølging av tilsynsresultata – krav om eigenerklæring om at lovbrota er retta

Tiltak for å rette lovbroten skal setjast i verk med det same.

Klepp kommune skal gi ei skriftleg erklæring om at lovbrota er retta og dokumentere at det er utarbeidd tiltak i samsvar med pålegga.

Frist for innsending av slik erklæring er 30.04.13.

6. Klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b, og kan påklagast til Utdanningsdirektoratet. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til kommunen som skuleeigar, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Sjå forvaltningslova § 32 om utforming av klage.

Stavanger 11.01.13

Lars Wetteland
tilsynsleiar

Una Bjørnseth Wereide
rådgjevar

Vedlegg:

1. Oversyn over innsend dokumentasjon
2. Oversyn over dei som er intervjua
3. Rettslege krav

Vedlegg 1 Oversyn over innsend dokumentasjon

- Utgreiing frå rektor
- "Plan for kvalitetsutvikling – Orre skule 2012-13"
- "Handlingsplan mot mobbing-Zero-2012/13"
- "Ordensreglar for Orre skule" vedtatt av SU 20.09.10
- Nye "Ordensreglar for Orre skule" skal vedtas i SU 26.11.12
- "Vold i nære relasjoner"
- "Plan for PU-tida og team-tida hausten 2012"
- Referat frå teammøter
- Referat plangruppe
- Referat fokusgruppe
- Malar for elev- og utviklingssamtalar
- "Informasjon til heimane – Orre skule 2012/13"
- "Skjema for registrering av eller mistanke om krenkjande åtferd/mobbing"
- "Avtale med elev som har mobba eller hatt krenkjande åtferd"
- Skjemaet "Opplysning om rett til enkeltvedtak ved mobbing og krenkjande åtferd" datert 17.08.12
- Referat frå møter i FAU (27.09.12, 27.08.12, 04.06.12)
- Oversikt over medlemmer i FAU og SU/SMU
- Referat frå møter i SU/SMU (01.10.12, 11.06.12, 12.03.12)
- Referat frå møter i elevrådet (13.09.12, 10.04.12)
- Enkeltvedtak m/dokumentasjon

Vedlegg 2 Oversyn over dei som er intervjua

| | |
|-----------------------|---------------------------------|
| Mariann Østerhus | SFO-leder |
| Margunn Tufteskog | assistent |
| Tone Roalkvam | Kontaktlærar 3.trinn |
| Børge Finnbakk | kontaktlærar 10.trinn |
| Kristin Stavnheim | Assisterande rektor/sosiallærar |
| Rita Varhaug Grimstad | Rektor |
| Willy Ulvang | Klepp kommune |
| Trond Roy Pedersen | Klepp kommune |

Det er dessutan gjennomført samtalar med representantar for elevrådet og FAU.

1 Det førebyggjande arbeidet**§ 9a-4, Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)**

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9a-3 første ledd – Det psykososiale miljøet

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Det systematiske skulemiljøarbeidet skal sikre at elevane sin rett blir oppfylt ved at skulen arbeider kontinuerleg og systematisk for eit godt skulemiljø. Det avgjerande er at skulemiljøarbeidet er eigna til å sikre elevane eit godt psykososialt miljø og at brot på retten til eit godt miljø blir oppdaga og handtert på ein effektiv måte.

Føremålet med skulen sine plikter etter § 9a-4 er å sikre at uønskt/renkjande åtferd blir oppdaga og teke hand om tidleg. Dette vil seie at skulen må ha rutinar for å kartlegge skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleveling av det psykososiale miljøet.

Ein naudsynt føresetnad for det systemretta arbeidet er at skulen overfører krava i kapittel 9a til konkrete mål og handlingar. Skulen må ha planar og rutinar for korleis elevane sin rett skal oppfyllast.

Skulen blir i § 9a-4 pålagd å arbeide aktivt, systematisk og kontinuerleg slik at krava i kapittel 9a blir oppfylde. Dette inneber at skulen skal arbeide etter eit "føre var"-prinsipp, og førebyggje brot på eleven sin rett etter § 9a-1. Skulen kan ikkje vere passiv og avvente at ein situasjon oppstår, som til dømes at læraren faktisk ser mobbing eller at nokon klagar på forholda. Med kontinuerleg meiner ein at det systematiske arbeidet må vere gjennomgåande i skulen sitt arbeid, og ikkje berre noko som blir gjort når det oppstår ubehagelege situasjoner eller ved oppstart av kvart skuleår. Arbeidet skal drivast heile tida, gjennom heile skuleåret. Eit anti-mobbeprogram eller ein perm med internkontrollrutinar som står i ei hylle, er ikkje tilstrekkeleg for å oppfylle kravet til systematisk arbeid.

Det systematiske arbeidet skal vere gjennomtenkt og planmessig. Planane og rutinane må vere innarbeidde og må følgjast av personalet når det blir arbeidd med saker som omhandlar det psykososiale miljøet til elevane.

Skoleleiinga ved rektor har ansvaret for at det systematiske arbeidet er aktivt, systematisk og planmessig.

Skulen må for å oppfylle kravet til internkontroll:

- Setje seg konkrete mål for skulemiljøet og skulemiljøarbeidet
- Arbeide systematisk og planmessig for å nå måla og førebyggje problem
- Ha rutinar for å følgje med på skulemiljøet og den enkelte eleven si oppleveling av det, medrekna rutinar for å avdekke og handtere problem når dei dukkar opp og kontrollere at rutinane blir følgde

Skulen må kunne dokumentere at dei har eit system for internkontroll. Internkontroll inneber å overføre krava i lov og forskrift til konkrete mål for skolemiljøet, kartleggje utfordringar, planleggje og setje i verk tiltak for å nå måla. Skulen må dokumentere at dette er etablert, og at det faktisk blir følgt opp.

I tillegg til det som blir dokumentert skriftleg, må skulen kunne vise at:

- internkontrollen dekkjer alle reglane i kapittel 9a
- kvar tilsett utfører pliktene dei har etter lova og kjenner til interne mål, rutinar/planar
- dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse om skolemiljøarbeid og handtering av utfordringar og hendingar som gjeld skolemiljøet
- skulen har tiltak for å fremje skolemiljøet og førebyggje, avdekkje og handtere krenkingar
- tiltaka blir sett i verk og planar og rutinar blir følgde i praksis
- leiinga er aktivt med i arbeidet med internkontroll/skolemiljø.

I det systematiske arbeidet med det psykososiale miljøet må også andre reglar i opplæringslova dragast inn. For det første må skulen kartleggje krava til brukarorgan i kapittel 11. Eit sentralt organ i det systematiske arbeidet er skolemiljøutvalet.

Ordensreglementet ved skulen er eit sentralt verkemiddel i arbeidet med skolemiljøet, og skulen må sjå til at dette er integrert i skolemiljøarbeidet/internkontrollen. Eit system for skolemiljøet som ikkje blir sett i samanheng med ordensreglement, er ikkje heilskapleg nok. I tillegg må skulen også trekke inn vurdering i orden og i oppførsel etter forskrift til opplæringslova § 3-5.

2 Det individretta arbeidet

Skuleeigar, skulen, rektor og alle tilsette pliktar å sikre elevane sin individuelle rett etter § 9a-1 gjennom individuelt retta arbeid. Det individretta arbeidet ved skulen er regulert i § 9a-3 andre og tredje ledd i opplæringslova.

- Handlingsplikta etter § 9a-3 andre ledd
- Plikta til å behandle oppmodingar om tiltak frå elevar/foreldre som enkeltvedtak etter
§ 9a-3 tredje ledd

Handlingsplikta

§ 9a-3 andre ledd – plikta til å undersøke, varsle og gripe inn

Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøke saka og varsle skoleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Regelen slår fast at alle som er tilsette ved skulen, har ei handlingsplikt som inneber

- plikt til i å gjere undersøkingar,

- plikt til å varsle rektor og
- plikt til å gripe inn når det er naudsynt og mogleg.

Handlingsplikta gjeld for alle som er tilsette ved skulen ved at dei har eit tilsetningsforhold/ein arbeidsavtale med skuleeigar. I førearbeida til lova¹ er det sagt at "tilsette" i praksis ofte vil vere lærarar og miljøarbeidrarar, men at plikta også gjeld anna personale. I tillegg til undervisningspersonalet på skulen kan dette til dømes vere vaktmeister, assistenter, kontor- og reingjeringspersonale.

Den tilsette si handlingsplikt tek til å gjelde når ho/han får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar. "Kunnskap om" vil seie at den tilsette faktisk veit at ein elev blir utsett for uakseptabel åtferd frå elevar, lærarar eller andre ved skulen. Dette kan vere hendingar som den tilsette sjølv er vitne til eller blir fortald om. Ein del av handlingsplikta er plikta til å undersøkje om eleven faktisk har blitt utsett for krenkjande ord eller handlingar, og få klargjort kva som faktisk har skjedd. Handlingsplikta gjeld også dersom den tilsette får ein mistanke om at ein elev er utsett for ord og handlingar. Det er altså ikkje naudsynt med faktisk kunnskap for at handlingsplikta gjeld.

Den tilsette må, når ho/han får kunnskap eller mistanke om krenkjande åtferd, vurdere kva som blir neste steg. Skuleleiinga skal varslast, og i nokre tilfelle har den tilsette plikt til å gripe inn. Dette må vurderast konkret i den enkelte situasjonen. I akutte situasjoner, til dømes når elevar slåss eller ein overhøyrer krenkjande ord til ein elev, er det naturleg å gripe inn straks og undersøkje nærmare i etterkant kva som faktisk skjedde.

Det følgjer av § 9a-3 andre ledd at etter at den tilsette har undersøkt saka og kome til at dette er forhold som bør følgjast opp, skal skuleleiinga informerast. Skuleleiinga pliktar å sikre at alle saker dei blir varsla om også blir følgde opp. Tilsette som varslar etter § 9a-3 andre ledd skal takast på alvor. Skulen, ved rektor, pliktar å undersøkje saka ytterlegare dersom det er behov for dette, og setje i verk eigne tiltak.

Skulen med alle sine tilsette må ha *ei felles forståing av når det skal varslast*, og korleis varslinga skal skje. På same måte må alle ved skulen ha eit avklart forhold til terskelen for å gripe inn. Desse avklaringane og rutinar for dette må innarbeidast i internkontrollen etter § 9a-4.

Det er ikkje noko krav i § 9a-3 andre ledd om at skulen skal gjere eit enkeltvedtak når det blir sett i verk tiltak etter eige initiativ. Dette skil seg frå når ein elev eller forelder ber om tiltak, jf. § 9a-3 tredje ledd. At det ikkje må gjerast enkeltvedtak tek likevel ikkje frå skulen ansvaret for å følgje opp saka på føremålstenleg vis.

I nokre tilfelle vil tiltaka skulen set i verk, likevel krevje at det blir gjort enkeltvedtak. For enkelte tiltak er det fastsett eksplisitt i opplæringslova eller forskrift til opplæringslova at avgjerala er eit enkeltvedtak. Døme på dette er bortvising etter opplæringslova § 2-10 og skulebyte etter opplæringslova § 8-1 tredje ledd. Elles er det definisjonen av enkeltvedtak i forvaltningslova § 2 sett opp imot karakteren av tiltaket som er avgjerande for om reglane om enkeltvedtak skal brukast. Samstundes har skulen eit visst handlingsrom knytt til ordensmessige og opplæringsmessige tiltak. Dette er mindre inngripande tiltak som blir gjorde for å gjennomføre opplæringa.

Det skriftelege, som enkeltvedtaksforma gjev, er viktig for skulen si dokumentering av at dei har gripe inn og prøvd å sikra eleven sin rett etter § 9a-1.

Plikta til å behandle oppmadingar om tiltak frå elevar/foreldre

§ 9a-3 tredje ledd – Eleven/ foreldra sin rett til å be om tiltak og saksbehandlinga ved skulen

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet,

¹ Sjå Ot. prp. nr. 72 (2001-2002).

deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vold eller rasisme, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føreseggnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Skulen er pålagd gjennom § 9a-3 tredje ledd å behandle oppmodingar frå elevar eller foreldre som gjeld det psykososiale miljøet etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom det ligg føre ei slik oppmoding, må skulen snarast råd ta stilling til om eleven sin rett er oppfylt, og eventuelt kva tiltak som skal setjast i verk. Det blir streka under at skulen alltid skal gjere eit enkeltvedtak når elevar/foreldre oppmodar om tiltak som gjeld det psykososiale miljøet. Skulen har altså ei vedtaksplikt. Dersom skulen ikkje oppfyller plikta til å gjere enkeltvedtak i saka, kan foreldra/eleven likevel klage som om det var gjort enkeltvedtak.

Oppmodingar frå elevar og foreldre treng ikkje vere skriftlege. Skulen må også ta stilling til munnlege førespurnader. Skulen kan ikkje avvise ei oppmoding fordi ho ikkje er skriftleg eller unnlæt å oppgje kva tiltak eleven/foreldra ynskjer. Skulen kan heller ikkje krevje at eleven/foreldra må levere ei skriftleg oppmoding. Dersom skulen er i tvil om ei oppmoding frå eleven/foreldra er ei oppmoding etter § 9a-3 tredje ledd, må skulen avklare dette. Skulen har ei rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11. Ein del av dette vil vere å informere eleven/foreldra om rettane etter kapittel 9a og klarleggje om ei oppmoding frå ein elev eller foreldre om det psykososiale miljøet er ei oppmoding om tiltak. Den som tek imot førespurnaden, pliktar også å informere om retten til å be om tiltak og klageretten etter § 9a-3 tredje ledd. Alle oppmodingar, også munnlege, skal takast på alvor og utgreiast. Dette er ein del av skulen si utgreiingsplikt etter forvaltningslova § 17.

Oppmodinga skal normalt rettast til skuleleiinga ved rektor, men oppmodingar kan også rettast til lærarar og andre tilsette. Dersom oppmodinga blir retta til ein lærar, må han/ho vurdere kva oppmodinga gjeld og om dette er noko som kan og bør løysast innanfor klassen. Læraren si vurdering vil vere viktig når det skal avgjerast kva tiltak som eventuelt skal inn i enkeltvedtaket.

Uansett om oppmodinga kan løysast innanfor klassen, skal denne bringast vidare til skuleleiinga. Ei oppmoding frå elevar/foreldre skal aldri stoppast på klassenivå. Dette har samanheng med kravet i § 9a-3 tredje ledd første punktum om at alle tilfelle der det blir bede om tiltak knytte til det psykososiale miljøet, skal behandlast som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Regelen slår også fast at saka skal behandlast "snarast mogleg", og dersom det ikkje er gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova "innan rimeleg tid", kan eleven/foreldra klage som om skulen hadde gjort eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Ei klage skal alltid sendast til det forvaltningsorganet som har eller skulle ha gjort enkeltvedtak i saka i fyrste instans. Det vil seie at klaga skal sendast til skulen. Fylkesmannen er klageinstans, men før klageinstansen kan ta saka til behandling, må skulen eller skuleigar sjå på saka på nytt, og eventuelt førebu saka for fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 33.

Elles inneheld ikkje opplæringslova kapittel 9a krav til saksbehandlinga. Saksbehandlingsreglane i forvaltningslova gjeld for saker etter § 9a-3. Dersom skulen ikkje behandler noko som var meint som ei oppmoding, er dette alvorleg og kan få konsekvensar, m.a. anna etter strafferegelen i §9a-7.

3 Brukarmedverknad

Elevane skal engasjerast i det systematiske skulemiljøarbeidet, både planlegginga og gjennomføringa av det, jf. § 9a-5. Første ledd i denne lyder:

§ 9a-5 første ledd – Elevdeltaking i skolemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skolen. Skolen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Dette inneber at elevane skal takast med i skulen sitt arbeid med å oppfylle krava i kapittel 9a. Dette kan til dømes vere deltaking når skulen lagar ordensreglement, deltaking i gjennomføring av gjennomføre enkle målingar, osv. Det er skuleleiar sitt ansvar at elevane blir tekne med i skolemiljøarbeidet.

I føre arbeida er det vist til at det er viktig i seg sjølv at elevane kan få oppleve å bli hørde, og for skulen vil det vere lettare å planleggje og å gjennomføre tiltak i samarbeid med elevane og dei føresette.

Elevane si deltaking i skolemiljøarbeidet skal vere sikra i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.

I lova § 9a-6 og kapittel 11 er ulike organ for brukarmedverknad regulerte. Dei råda og utvala opplæringslova stiller krav til at skulane skal opprette, er:

- Elevråd – jf. § 11-2/11-6
- Foreldreråd og FAU – jf. § 11-4
- Samarbeidsutval/skuleutval – jf. § 11-1
- Skolemiljøutval – jf. § 11-1a

Råda og utvalga skal gjevast relevant informasjon og ein *real* sjanse til å uttale seg, jf. § 9a-6.

§ 9a-6 - Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skoleutvalet, skolemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpende underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skolemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen.

Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skolen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skolemiljøet.

Dersom skolen blir klar over tilhøve ved skolemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

Rutinar for å sikre at informasjon og varsling til dei ulike råda og utvala må innarbeidast i internkontrollsystemet ved skulen etter § 9a-4.